



DEMENSVENNLEG SAMFUNN

Samarbeidsavtale mellom

Hareid kommune og Nasjonalforeningen for folkehelsen

Gjennom denne avtalen inngår Hareid kommune i Møre og Romsdal fylke og Nasjonalforeningen for folkehelsen eit langsiktig og forpliktande samarbeid om å skape eit meir demensvennleg samfunn. Avtalen beskriv formål og pliktene til kvar part.

Bakgrunn

Over 100 000 menneske i Noreg har demens og over halvparten av dei bur heime. I åra som kjem vil stadig fleire få demens og det er behov for å skape eit meir demensvennleg samfunn. Mange med demens opplever isolasjon og einsemd fordi samfunnet rundt ikkje er tilstrekkeleg tilrettelagt. Gjennom relativt enkle tiltak kan personar med demens få høve til å vere meir aktive og sjølvhjelpete.

Føremål

Avtalen skal leggje til rette for at Hareid kommune skal arbeide for å bli meir demensvennleg, slik at personar med demens kan bli møtte med forståing, respekt og støtte. Dei skal få høve til å bli inkluderte og delta i kvardagsaktivitetar som til dømes å handle, bruke offentleg transport og vere med på kulturarrangement og liknande.

Ved å inngå denne avtalen uttrykkjer kommunen eit ønske om å leggje til rette for at personar med demens opplever meistring og inkludering. Arbeidet for eit meir demensvennleg samfunn handlar også om korleis fysiske og sosiale omgivnader er forma ut og om kommunale tenester. Personar med demens og dei pårørande sit med erfaring og kompetanse som kan vere til nytte i dette arbeidet.

Pliktene til partane i samarbeidet

Nasjonalforeningen for folkehelsen forpliktar seg til å


- sørge for at det blir utarbeidd og produsert relevant undervisningsmateriell og at dette blir distribuert til kommunen
- bidra med materiell og innspel til mediestrategien for eit meir demensvennleg samfunn

- hjelpe kommunen med profileringsmateriell, kommunikasjonstiltak og mobilisering i arbeidet med å skape eit demensvennleg samfunn
- bidra med kunnskap og informasjon om demens, om korleis ein kommuniserer med personar med demens og om korleis ulike yrkesgrupper og andre kan bidra

Hareid kommune forpliktar seg til å

- planleggje og gjennomføre kurs i demensvennleg samfunn for relevante næringer, organisasjonar, samarbeidspartnarar og yrkesgrupper
- bidra til at personar med demens kan kjenne seg inkluderte og involverte i lokalmiljøet og har høve til å delta i naudsynte kvardagsaktivitetar
- etablere ei arbeidsgruppe som skal ha ansvaret for å utarbeide lokale planar for opplæring. Arbeidsgruppa
 - er oppteken av å inkludere personar med demens og dei pårørande i gruppa. I kommunar som har demensforeiningar eller helselag bør desse bli involverte
 - kartlegg og gir opplæring til organisasjonar og næringer i lokalsamfunnet som er viktige i kvardagslivet til personar med demens
 - svarer på ei kort spørjeundersøking ved utgangen av året som viser kor mange som har blitt kursa, kva næringer som har vore representerte blant kursdeltakarane og om det har vore andre aktivitetar i kommunen i arbeidet for eit meir demensvennleg samfunn. Nasjonalforeninga for folkehelsa vil bruke denne informasjonen til å synleggjere resultatata

Denne avtalen er underteikna i to eksemplar. Kvar part beheld eitt eksemplar.

Signatur: 

Signatur: 

Stad og dato: Hareid 2/16-23

Stad og dato: Hareid 2/16-23

Ordførar Bernt Brandal
Hareid kommune

Leder Ingunn Øye
Fylkesstyret Møre og Romsdal
Nasjonalforeninga for folkehelsen